



Uskedal kyrkje.

Førstkommande laurdag og søndag er det klart for den gode tradisjonen med konfirmantjubiläum i Uskedalen. Dette vert arrangert annakvart år, og denne gongen møtest dei som vart konfirmert for 70(71), 60(61) og 50 år sidan. Det er lagt opp til eit variert program med mykje vekt på sosialt samvær dei to dagane.

Desse samlingane har no vorte arrangert ein god del år, og dei siste gongene har det vore over 2 dagar slik at det vert meir tid til å snakka saman. For mange er det svært lenge sidan sist dei møttest. I og med at det er annakvart år er det, er det to og to kull som jubilerer saman.

- Grunnen til at 50-årskonfirmantane er 'åleine', er at det no er 50 år sidan konfirmasjonen vart flytta frå haust til vår, fortel soknerådsleiar Møyfrid E. Kristoffersen. Ho kan fortelja om vel 20 påmelde, og dei fleste vert med begge dagar.

Laurdag møtest dei ved Grano kl.15. Der stiller uskedelingen Lars Wang med veteranbussen, og dermed vert det veteranatur. Ruta vert opp dalen med innlagt stopp på m.a. Gamleskulen på Haugland. Etter bussturen ventar mat og sosialt samvær i Gamleskulen nede i bygda. Dermed får jubilantane besøk i begge skulane som var i drift i deira skuletid.

Søndag er det Gudsteneste kl.11 med soknepresten vår, Lina Håland, for julilantane og alle som har lyst til å gå til kyrkjes denne søndagen.

Samlinga vert så avslutta med middag i Helgheim.

Tekst og nett: Thor Inge Døssland.

Foto: Einar Gjertsen